

Utlån av personell til andre avdelingar

Ein sengepost hadde aktuelle dag uforutsett sjukefråvær. Avdelinga var full og pleietyngda stor. Leiar ringte til ei anna avdeling og fekk låne ein sjukepleiar derifrå. Dette skjedde i etterkant av at rapport var gitt, gruppeleier var såleis oppteken med andre oppgåver og ikkje informert om at det var bedt om hjelp frå anna avdeling.

Sjukepleiaren som kom, skulle saman med ein assistent i avdelinga hjelpe til med å stelle ein pasient med store, nyopererte sår. Sjukepleiaren skifta på sår utan å få tilstrekkeleg informasjon om pasienten.

Hendinga førte til at pasienten måtte til ny sårrevisjon i narkose.

Årsaksanalyse:

Sengepostane har inngått avtalar om å låne personell hos kvarandre dersom det er for lite personell ein stad. Dei tilsette på kvar enkelt avdeling har spesialkompetanse på si pasientgruppe. Når det då kjem tilsette frå andre avdelingar, har dei ikkje den spesialkompetansen som dei faste tilsette har.

Tiltak:

- Avdelingane må planlegge kva oppgåver dei kan setje innlånt personell til og innleigd personell må få tilstrekkeleg informasjon om oppgåvene som skal utførast
- Når innlånt personell kjem til avdelinga, må desse vere klare på eigen kompetanse. Så langt det er råd, skal innlånt personell assistere fast personell og ikkje få sjølvstendige oppgåver.

Pasienttryggingsutvalet (PTU) si vurdering:

PTU vurderer at konsekvensen for pasienten ved denne hendinga var alvorleg. Det vart både auka risiko ved ny narkose, og auka infeksjonsfare ved å få avdekka sår unødige. PTU meiner det er flott at dei ulike postane kan utnytte ressursane med å vere fleksible med personellet, men at ein må sikre pasienttryggleiken i slike situasjonar.